



Rapport

Rapport	
Rapporttittel Tilsynsrapport etter tilsyn med påføring av betongbelegg for Polarled rørledning	Aktivitetsnummer 001905005

Gradering		
☒ Offentlig	☐ Begrenset	☐ Strengt fortrolig
☐ Unntatt offentlighet	☐ Fortrolig	

Involverte	
Organisasjonsenhet T Land	Oppgaveleiar Eirik Duesten
Deltakere i revisjonslaget Ole Jacob Næss, Trond Sundby, Eirik Duesten	Dato 16.9.2014

1 INNLEIING

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte ein tilsynsaktivitet med påføring av betongbelegg av Polarled røyrledning hjå Wasco i Mo i Rana 19.-20. august 2014.

Tilsynsaktiviteten var retta mot Statoil og selskapet si oppfølging av leverandørar og vart gjennomført med møter, samtalar, verifikasjon og dokumentgjennomgang hjå Wasco i Mo i Rana.

2 BAKGRUNN

Bakgrunnen for tilsynsaktiviteten er knytt til korleis Statoil ivaretek regelverkskrav i relevante forskrifter som:

- forskrift om helse, miljø og sikkerheit i petroleumsverksemda og enkelte landanlegg (rammeforskrifta)
- forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta)
- forskrift om utforming og utrusting av innretningar med meir i petroleumsforskrifta (innretningsforskrifta)

Røyrleidningsprosjektet omfattar ein 481 km lang 36" røyrledning (Polarled) mellom Aasta Hansteeninnretninga og Nyhamna. Wasco er tildelt arbeidet med påføring av betongbelegg på rundt 40 000 enkeltrøyr. Prosjektet er av stor strategisk betydning for framtidig utvikling i Norskehavet.

Tilsynsaktiviteten er knytt til våre hovudprioriteringar innan barrierer og leining og storulykkerisiko.

3 MÅL

Målet med tilsynsaktiviteten var å følgje opp at prosjektet blir planlagt og gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk og anerkjente normer og at krav i forskrifter er ivareteke.

Hovudtema for aktiviteten var å sjå på Statoil si oppfølging av leverandør for påføring av betongbelegg på rørleidningen.

4 RESULTAT

Resultata bygger på møter, samtalar, presentasjonar, verifikasjon og dokumentgjennomgang hjå Wasco.

Tilsynsaktiviteten har ikkje påvist avvik i forhold til petroleumsregelverket, men vi har avdekka to områder med potensial for forbedring. Dette var innan styringssystem og selskapet si eiga oppfølging.

5 OBSERVASJONER

Ptil sine observasjonar blir generelt delt i to kategoriar:

- Avvik: Knytt til dei observasjonane der vi meiner å påvise brot på regelverket.
- Forbetringspunkt: Knytt til observasjonar der vi ser manglar, men ikke har nok opplysningar til å kunne påvise brot på regelverket.

5.1 Avvik

Det vart ikkje identifisert avvik under tilsynet.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Styringssystem – styring av aktiviteten

Forbetringspunkt:

Manglar ved etablering, implementering og oppfølging av styringssystem og mangelfull kontroll med styring av aktiviteten

Grunngjeving:

Gjennom samtalar, presentasjonar og verifikasjonar vart det avdekka manglar ved styringssystemet og mangelfull kontroll med styring av aktiviteten.

Anlegget er organisert under Wasco Malaysia og har deler av styrande dokumentasjon felles med andre anlegg i selskapet medan andre dokument er spesifikke for det aktuelle anlegget. På fleire områder vart det avdekka manglar ved etablering, implementering og eller oppfølging av styrande dokumentasjon knytt til aktiviteten ved anlegget.

Eksempel på dette var: operasjonelle prosedyrer, trening og kompetanse, roller og ansvar, vedlikehald, styring av endringar og dokumenthandtering.

Krav:

Rammeforskrifta § 18 om kvalifisering og oppfølging av andre deltakarar jfr. §17 om plikt til å etablere følge opp og vidareutvikle styringssystem

5.2.2 Selskapet si eiga oppfølging

Forbetringspunkt:

Mangelfull oppfølging av leveranse med påføring av betongbelegg.

Grunngjeving:

Det kom fram gjennom samtalar og presentasjonar at oppfølgingsaktivitetar ved Wasco sitt anlegg ved Mo i Rana blir gjennomført ved til dømes dagleg oppfølging av leiinga og kontroll av produksjonsaktiviteten.

Wasco sin eigen plan for oppfølgingsaktivitetar viste lite eller ingen aktivitetar retta mot etablering, implementering og oppfølging av styringssystem. Statoil har gjennomført nokre tilsynsaktivitetar mot Wasco. Det er vår oppfatning at det ikkje er innarbeidd tilstrekkeleg med og robust plan for systematisk oppfølging av fabrikasjonen.

Krav:

Styringsforskrifta § 21 om oppfølging

6 DELTAKARAR FRÅ PETROLEUMSTILSYNET

Ole Jacob Næss Konstruksjonssikkerhet

Trond Sundby Konstruksjonssikkerhet

Eirik Duesten Konstruksjonssikkerhet (oppgåveleiar)

7 DOKUMENT

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

1. Statoil / Wasco Master Document and Drawing Register (D142-WS-P300-F-KA-001), rev. 7, 3.6.2014
2. Statoil / Wasco Manufacturing Procedure, Inspection & Test Plan Concrete Weight Coating (D142-WS-P300-F-KO-005), rev. 4, 27.2.2014
3. Statoil organisasjonskart for prosjektet
4. Wasco organisasjonskart for prosjektet
5. Statoil TR1116, Concrete coating for offshore pipelines, Rev. 3, 6.6.2012
6. Statoil /Wasco Quality Assurance Manual D142-WS-P300-F-YQ-001
7. Presentasjon fra Statoil under oppstartsmøte
8. Presentasjon fra Wasco under oppstartsmøte

VEDLEGG A

Oversikt over involverte i tilsynsaktiviteten.